



Korsnes får eitt avløpsanlegg

**Avløpsanlegget i Uskedalen skal gjennomførast i to byggjesteg av praktiske grunnar. Det vil formannskapet fatta vedtak om i sitt møte torsdag. Då får rådmannen fullmakt til å oppretta kontrakt med Byggeservice for det første byggjesteget som er byggjing av dei to kloakkrensaneanlegga – på Korsnes og Børnes.**



- og Børnes får det andre.

Byggjinga vil truleg starta rundt månadsskiftet september/oktober, opplyser Sigbjørn Øye i kommunen til [uskedalen.no](http://uskedalen.no)





Kloakkreinseanlegget på Korsnes skal liggja i dette området. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Kostnadsramma for prosjektet vert 7,1 millionar som vert finansiert med investeringsmidlar til avløp og må løyvast over 2009-budsjettet. Kontraktssummen er 6,294 millionar nedan 10 prosent (629.000 kroner) vert avsett til uforutsette utgifter og 177.000 til resterande prosjektering og byggeleing. Nødvendig låneopptak er sjølvfinansiert då renter og avdragskostnader vert belasta driftsbudsjettet for avløp med inndekning gjennom avløpsgebyr til abonnentane.

Under "miljømessig konsekvens" skriv rådmannen at det vil skje ein reduksjon av forureining til fjorden, spesielt Storsund, som er påpeika som ein spesielt sårbar resipient.

I byggjesteget nummer to, som er tenkt utført neste år, vil det bli bygd pumpetasjonar og overføringsleidningar for å samla kloakken frå dei sentrale delane i Uskedalen til Børnes.

Begge reinseanlegg vert bygd som plassbygde slamavskiljarar i betong. For første gong i Kvinnherad vil desse bli utrusta med mindre overbygg for montering av luktreanseanlegg. - Vi har ikkje hatt reinseanlegg på slamavskiljarar. Når vi monterer slike i Uskedalen er det fordi det kom visse klager på lukt frå anlegget på Sunde. Vi ynskjer å vera føre var, opplyser Sigbjørn Øye.

Det er lagt til grunn at det vil bli 865 personer personar tilknytta Børnes-anlegget og 400 personar tilknytta Korsnes-anlegget.

Av Ola Matti Mathisen



Kloakkreinseanlegget på Børnes skal liggja like ved kaia, nærare bestemt i bakgrunnen på dette biletet. I forgrunnen tomte til Rune Hjønnvåg, som er under opparbeiding. (Foto: Ola Matti Mathisen)